



Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Trekking av motsegn - Alver (Meland) - 25/161 m fl - Fossesjøen - bustadføremål - detaljregulering

Statsforvaltaren i Vestland har no fått opplyst at Statens Vegvesen kan trekkje sine motsegner til detaljregulering for Fossesjø. Vi viser til brev frå Statens Vegvesen datert 19.03.21, i si heilskap, som grunnlag for dette. Brevet er sendt i kopi til Alver kommune.

Viser elles til Statsforvaltaren sin uttale datert 18.03.21.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Statens vegvesen Region vest Postboks 43 6861 LEIKANGER



Statens vegvesen

Statsforvaltaren i Vestland
Statens hus
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:
21/37761-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
19.03.2021

Statens vegvesen trekkjer motsegn til detaljreguleringsplan for Fossesjøen – Alver kommune

Vi viser til brev frå Alver kommune, dagsett 25.02.2021. Kommunen ber om avklaring knytt til motsegna Statens vegvesen fremja i 2019 til detaljreguleringsplan for Fossesjøen. Motsegna var knytt til at rekkefølgjekrav i reguleringsplanen ikkje tok hand om trafikktryggleiken i stor nok grad, verken for born på skuleveg eller for biltrafikken.

Etter det vi kan sjå er planframlegget no endra i tråd med Statens vegvesen si motsegn. I reviderte planføresegner § 2.11 pkt. 9 er det innarbeida rekkefølgjekrav med følgjande ordlyd:

«Før det kan gjevast igangsetjingsløyve for nye bustadar innanfor BFS01–BFS03, BKS01–BKS10 og BBB01–BBB03 skal Fossekkrysset med til høyrande gangvegar vere opparbeidd slik det er regulert i plan for Fv.245 Fosse–Moldekleiv, planid 20160012, samt at det skal vere etablert trygt tilbod for mjuke trafikantar langs Sagstadvegen fram til Sagstad skule.»

Tilbodet for mjuke trafikantar langs Fv.5380 (tidlegare Fv. 244) Sagstadvegen er regulert i vedteken reguleringsplan «*Detaljregulering fv. 564 Frekhaugkrysset, inkl. utbetring av fv. 244, PlanId125620170003*». Denne planen viser gang- og sykkelveg som det regulerte tilbodet langs Sagstadvegen.

Føresegna i plan for Fossesjøen omtalar «eit trygt tilbod for mjuke trafikantar» Dersom det skal etablerast noko anna enn det som er regulert vil dette krevje dispensasjonshandsaming i eigen prosess og kommunen bør derfor vurdere om ordlyden bør presiserast ytterlegare i føresegna slik at det ikkje oppstår mistydingar i samband med framtidig sakshandsaming.

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Etter Statens vegvesen si vurdering er våre merknader til planframlegget svart ut og vi ber med dette Statsforvaltaren i Vestland om å trekkje motsegna vår i saka.

Transport vest, Transportforvaltning
Med helsing

Frode Moen Aarland
seksjonsleiar

Ingelin Garen
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
ALVER KOMMUNE, Postboks 4, 5906 FREKHAUG
VESTLAND FYLKESKOMMUNE INFRASTRUKTUR OG VEG BERGEN, Postboks 7900, 5020
BERGEN

Vår referanse 2021/6547-4
Dato 17.03.2021

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Fråsegn om avklaring kring motsegn - Detaljregulering - Fossesjøen PlanID 12562015004 - Alver kommune

Vestland fylkeskommune viser til førespurnad om avklaring angående motsegn for Detaljregulering for Fossesjøen.

Vestland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. Sida 01.01.2020 har vegmynde av fylkesvegar blitt overført til Vestland fylkeskommune. Statens vegvesen har framleis sektormynde over vegnettet. Og fordi det er dei som har fremja motsegn er det dei som må avklare om det skal trekkjast eller ikkje.

Det kjem fram av saksframlegget merknadane frå Statens vegvesen sitt motsegn er teke til følge, det er gjort ei omarbeiding av føresegna til reguleringsplanen. I hovudsak var merknadane knytt til rekkjefølgjekrav som omhandla trafikktryggleik.

Det nye punktet § 2.11 punkt 9 som er lagt inn er;

9. Før det kan gjevast igangsetjingsløyve for nye bustadar innanfor BFS01–BFS03, BKS01–BKS10 og BBB01–BBB03 skal Fossekrysset med til høyrande gangvegar vere opparbeidd slik det er regulert i plan for Fv.245 Fosse–Moldekleiv, planid 20160012, samt at det skal vere etablert trygt tilbud for mjuke trafikantar langs Sagstadvegen fram til Sagstad skule.

Vestland fylkeskommune meiner dette nye punktet tek Statens vegvesen sine merknadar til følge, men det er likevel dei som sektormynde som avgjer avklaringa rundt motsegn.

Med helsing

Eva Katrine Ritland Taule
fagleiar

Liz Eva Tøllefsen
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Saksbehandlar:

Lilian Bakke Byrknes, seksjon for veg og infrastruktur

Kopi til:

STATENS VEGVESEN LEIKANGER
KONTORSTED

Askedalen 4



Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale til endra planforslag - Alver (Meland) - 25/161 m fl - Fossesjøen - bustadføremål - detaljregulering

Vi viser til oversending frå kommunen datert 25.02.2021, reviderte føresegn oversendt 18.03.21 og samordna uttale med motsegn frå Fylkesmannen i Vestland, no Statsforvaltaren, datert 18.09.2019.

I dialogmøte 30.08.2019 mellom Meland kommunen, Statens Vegvesen og Fylkesmannen i Vestland vart det semje om at Fylkesmannen fekk utsett medverknad i saka til etter at vi fekk vurdert eit nytt forslag frå kommunen. Statens Vegvesen sine motsegn vart ikkje avskorne. Vi legg til grunn at Statens vegvesen vurderer om dei kan trekke sine motsegn.

I dialogmøte hadde Fylkesmannen merknadar til handtering av universell utforming, støy og naustformålet. Naustformålet er no tatt ut av planen og føresegnene til støy og universell utforming er retta opp.

Statsforvaltaren i Vestland har ingen fleire merknader til planen.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Statens vegvesen Region vest	Postboks 43	6861	LEIKANGER
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN

